

## Knapt 50 % avling på 2. slått fører til formangel.

17.07.2018



Det er knapt 50 % avling på 2. slått. Graset på turre bakkar målet om lag 20 cm.

**Første slått var dårleg. Andre slått vert langt verre. Med rundt rekna 50 % avling så langt ser mange av bøndene myrkt på framtida. Det vert formangel og ein må leita etter mat og få kjøpt inn kraftfor med mykje fiber. Det er ikkje betre på beita. Graset visnar og turkar bort. Mange køyrer vatn til dyra på beite.**

Hans Reidar Kjærland, styreleiar i Uskedal Bondelag, fortel at dei med djup jord klarer seg betre. Alle med teigar lågt i lende og nær elva kan ikkje rekna med 50 % avling på 2. slått. Først slått var litt betre med ei hausting mellom 50 - 60 % av det som er normalt.

Året før var det for mykje nedbør. I år er det turke. Graset er varmessessa, skyt og set blom og krympar bort til ingen ting. Det er berre ei støvsky når ein køyrer maskinane i graset. På sandjord vert graset 20 cm høgt. Sjølv med ein god 3. slått vil ein ikkje makta å ta inn alt som er tapt.

Den turre sommaren fører til formangel og økonomiske vanskar for mange bønder. Nokre har alt meldt inn dyr for slakting. TINE bad om at det vart meldt inn resultat frå 1. slått. Det vart gjort for at ein skulle danna seg eit bilete av situasjonen. Resultatet er nedslåande. Langt verre er det på Austlandet. Her er avlinga nede på 10 % av normalen.

Det er mest ikkje vokster på attelegga. Dei som har sådd, må truleg gjera det ein gong til. Utmarka og beite var alt øydelagd i juni månad og det ser ikkje ut til at desse areala tek seg opp att i år.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Graset visnar og turkar inn til ingen ting.